



# Rapport frå studietur til Bergen og Oslo

Studietur til tre arkivinstitusjonar med nasjonalt ansvar for bevaring av arkiv frå ulike samfunnsområde: ArkiVest, Skeivt arkiv og Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek

## Bakgrunn

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, fekk i 2022 etter søknad midlar frå Arkivforbundet til studietur for å besøke andre arkivinstitusjonar. Målet med studieturen var å hente inn kunnskap og erfaringar frå andre aktørar med nasjonale ansvarsområde for bevaring og koordinering av privatarkiv etter avtale med Arkivverket. Nynorsk kultursentrum fekk i 2022 ansvar for å koordinere arbeidet med bevaring av privatarkiv knytt til nynorsk skriftkultur i Noreg. Som del av avtalen med Arkivverket skal Nynorsk kultursentrum utarbeide og vedlikehalde ein nasjonal bevaringsplan for feltet. Som del av utviklinga av denne rolla og arbeidet med å utarbeide ein bevaringsplan ønskte vi å besøke og snakke med andre institusjonar.

Studituren blei av praktiske årsaker tatt i to etappar. På den første studiereisa i januar 2023 besøkte vi Norsk sjømatarkiv / ArkiVest og Skeivt arkiv i Bergen, og april besøkte vi Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek i Oslo.



Illustrasjonsfoto. Foto: Andre Hustoft Nesheim / Nynorsk kultursentrum.

## **ArkiVest / Norsk sjømatarkiv**

Den 19. januar besøkte vi ArkiVest i Bergen, der vi blei tatt imot av dagleg leiar Terje Haram og Birger Haugdal. Frå Nynorsk kultursentrum deltok Stine Stennes Hovdenakk, Fredrik Hope og Stina Aasen Lødemel.

Hos ArkiVest fekk vi informasjon om korleis arkivet er bygd opp, forhistoria og om prosjektet Norsk sjømatarkiv. Sjømatarkiv er ein del av ArkiVest og er organisert som eit prosjekt, med nasjonalt ansvar for bevaring av historiske arkivmateriale frå norsk sjømatsektor. Vi fekk også informasjon om den pågående prosessen rundt framtidig organisering av arkivinstitusjonane i Vestland fylke.

Spesielt interessant for vår koordineringsrolle var å høyre korleis ArkiVest jobbar med bevaring og koordinering på ulike nivå. ArkiVest fortalte om bruk av frivillige veteranar til ordning av arkiv knytt til bogekorps.

ArkiVest har laga heftet «Har du kontroll på historien din?», som er eit inspirasjonshefte til bedrifter og foreiningar som ønskjer å ta vare på sine historiske dokument, som vi fekk med.

ArkiVest, som har kontor- og depotfellesskap med Bergen Byarkiv og Interkommunalt Arkiv i Hordaland, har store magasin i Hansa Bryggerier sine tidlegare produksjonslokale. Besøket blei avslutta med omvising i arkiva.



*Inne i arkiva hos ArkiVest.*

## Skeivt arkiv

Dagen etter besøkte vi Skeivt arkiv, der vi blei tatt i mot av fagleg leiar Line Førre Grønstad, førstebibliotekar Runar Jordåen, rådgivar Bjørn André Widvey og universitetsbibliotekar Heidi Rohde Rafto.

Skeivt arkiv bevarer, dokumenterer og formidlar skeiv historie eller LHBTQ+-historie og er eit nasjonalt kunnskapssenter for skeiv historie. Skeivt arkiv er ein del av spesialsamlingane ved Universitetsbiblioteket i Bergen.

I møtet fekk vi vite meir om Skeivt arkivs historie og om korleis dei arbeider med bevaring av sitt samfunnsområde. Samlingane består av innsamla arkiv frå ei rekke privatpersonar og organisasjonar, i tillegg til bøker og tidsskrift. Registrerte titlar er tilgjengelege i Bibsys. Arkivkatalogar er tilgjengeleg på Arkivportalen og deler av samlingane er lagde ut på nettstaden. Her ligg òg klipp frå intervjua dei gjennomfører. Både Skeivt arkiv og Nynorsk kultursentrum jobbar mykje med samtidsdokumentasjon og innsamling av munnlege minne, og vi fekk i møtet drøfta ulike problemstillingar og løysingar og utveksla erfaringar og tips. I ettertid har vi også utveksla malverk.



Fane frå arkiva til Skeivt arkiv, vist fram av ein skjult Runar Jordåen. Eit artig apropos var at faner blei nemnt av alle institusjonane vi besøkte.

Vidare fortalde Skeivt arkiv korleis dei jobbar mykje med formidling, tilgjengeleggjering og synleggjering, blant anna gjennom arrangement, sosiale medium og nettstad.

Skeivt arkiv og Nynorsk kultursentrum har i ettertid halde kontakt, og i mai 2023 kjem Skeivt arkiv til oss i samband med eit felles arrangement under Bygdepride i Volda/Ørsta.

Besøket hos Skeivt arkiv blei avslutta dagen med ein hyggjeleg lunsj saman.

## **Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek (Arbark)**

Den 25. april besøkte vi Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek i Oslo. Frå Nynorsk kultursentrum deltok Stina Aasen Lødemel, som blei tatt i mot av dagleg leiar Ole Martin Rønning. Arbark er eigd av LO og Arbeidarpartiet og bevarer arkiv med tilknyting til arbeidarrørsla på nasjonalt nivå, i tillegg til å ha lokalarkivansvar for arbeidarrørsla sine arkiv i Oslo og dei tidlegare fylka Akershus og Buskerud. Vidare bevarer Arbark arkiv frå parti og politiske organisasjonar på venstresida, i tillegg til ei rekke forlag, kultur-, solidaritets-, kvinne- og interesseorganisasjonar, for eksempel Norsk bonde- og småbrukarlag.

Arbark har ei lang historie, og det var interessant å få høre om denne og om korleis institusjonen er organisert. Arbark har hatt formell samarbeidsavtale med Riksarkivet om bevaringsansvar sidan 2001. Siste åra har Arbark hatt ei særskild rolle som utviklingsinstitusjon, og har blant anna jobba med hausting og sikring av digitalt skapte arkiv. På nettstaden har dei fleire informasjonstekstar og rettleiingar både for arkivskaprar, arkivbrukarar og andre arkivinstitusjonar. Arbark publiserer både på Digitalarkivet og DigitaltMuseum, i tillegg til arkivkatalogar på Arkivportalen, og har ei fyldig og informativ nettside med gode inngangar til samlingane. Biblioteksamlingane er nyleg overførte frå Micromarc til Bibsys.



*Ein protokoll blir OCR-skanna på digitaliseringsverkstaden hos Arbark.*

Som namnet seier har Arbark også bibliotek og boksamlingar. Nynorsk kultursentrum har òg eige fagbibliotek, og boksamlingar som del av museumssamlingane, og det er interessant å møte andre institusjonar som jobbar med både arkiv og bibliotek.

I samtalane fekk vi òg kjennskap til korleis Arbark jobbar med formidling. Arbark gir ut *Arbeiderhistorie*, eit tidsskrift med vitskaplege artiklar og populærhistoriske tekstar, som vi fekk med eit eksemplar av nyaste utgåva av.

På omvisinga fekk vi sjå dei innreidde romma for fotografering og skanning. Vi jobbar sjølv for å forbetre tilhøva for digitaliseringsarbeidet, og å sjå andre sine løysingar gir nytig kunnskap og idear. Besøket blei avslutta med omvising i arkivet og i det nyrenoverte publikumsområde med lesesalen.



*Ole Martin Rønning i  
Arbark attmed ryddige  
rekker med ordna  
arkiv.*

## **Oppsummert**

Besøka hos dei tre arkivinstitusjonane gav oss stort fagleg utbyte og verdfull informasjon og perspektiv på korleis vi skal jobbe vidare med vår rolle som nasjonal koordinator for arkiv knytt til nynorsk skriftkultur. Det var opplysande å bli kjent med andre arkivinstitusjonar med sektoransvar, og bli nærmere kjent med korleis dei organiserer arbeidet. Det var interessant å få innsyn i korleis andre institusjonar jobbar med dette, og sjå at det blir løyst på ulike vis alt etter måtar ein er organisert på og samfunnsmønsteret ein har ansvar for.

I tillegg til å hente inn kunnskap og erfaringar knytt til det sektoransvar og arbeidet med bevaringsplanen vi held på med, tok vi i samtaleopp om emne som bruk av frivillige i samlingsforvaltninga, transkribering og forsking og formidling.

Like viktig som det konkrete faglege utbytet av besøka, er den kontakten som blir oppretta gjennom ein-til-ein-besøk. Med å betre kjenne til kvarandre og kva institusjonane jobbar med, er det også lettare å ta kontakt i ettertid, og vite kven ein kan kontakte om kva.

Vi takkar alle tre institusjonane som tok godt i mot oss og velvillig delte av kunnskap og erfaringar.

Heilt til slutt vil vi rette ei stor takk til Arkivforbundet for midlane som gjorde studieturane og besøka mogleg!